



Alver kommune v/Plan og byggesak
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: 18d32656-28fe-452a-835e-
f8ec749e4a1b

Vår: 23/1340 - 23/13816

Saksbehandlar:

Torkjell Holm Brenna

torkjell.holm.brenna@alver.kommune.no

Dato:

20.02.2023

Dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg - gbnr 323/204

Saka gjeldt søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg for oppføring av parkeringsplass på gbnr 323/204 datert 08.02.2023.

Vedtak:

Med heimel i Veglova § 29 med tilhøyrande regelverk gjev Alver kommune ved Samferdsel, veg- vatn- og avløp- forvaltning, dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg for oppføring av parkeringsplass på følgjande vilkår:

- Alver kommune fråseier seg alt ansvar for skader som oppstår på tiltak som vert plassert i byggegrense mot veg. Dersom det under drift og vedlikehald av kommunal veg skulle oppstå skader på tiltaket, er dette tiltakshavar sitt ansvar. Tiltakshavar må sjølv sørge for og påkoste utbetring av skader.
- Det må ikkje setjast opp noko over 0.5 meter i siktsona til både veg og avkøyrsl frå parkeringsplassen, sjølv om det er gitt løyve til å gjere tiltak innanfor byggjegenes veg.

Vedtaket gir berre løyve til å plassere parkeringsplass innanfor byggegrense mot veg iht Veglova. Dispensasjonsvedtaket forutsett at andre godkjenningar ligg føre.

Det er med heimel i Veglova § 29 og § 30 at vegmynde skal setje krav til tiltak langs offentleg veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/privat-rettslege avtaler ovanfor eventuelle grunneigarar.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Det er ynskje om å etablere ein parkeringsplass for ålmenta knytt til friluftsområdet Haltejohansvika på Frekhaug. Parkeringsplassen er allereie delvis etablert, men for tida stengd. Det er ynskje om å opparbeide denne parkeringsplassen til ein god standard, og deretter opne den for ålmenta. Parkeringsplassen ligg delvis innanfor byggegrensa til veg, og treng difor dispensasjon for tiltak innanfor byggegrense veg. Det er allereie gitt dispensasjon for byggegrense mot sjø, samt avkøyringsløyve til kommunal veg.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559

Organisasjonsnummer: 920 290 922

Vurdering/drøfting:

Reisande til Haltejohansvika i dag har relativt få plassar å parkere. Det har ført til at det ved anledningar har vore mykje parkering langs med den kommunale vegen. Ved å opparbeide ein skikkeleg parkeringsplass vil ein fjerne mykje av desse parkeringane som tidlegare har vore til hinder for dei som bur i feltet. Ein parkeringsplass her vil heller ikkje øydelegge sikta for køyrande, og dermed vil trafikktryggleiken rundt parkeringsplassen haldast på ca. same nivå som i dag. Drift og vedlikehald av vegen vil ikkje bli påverka. Med tanke på avkøyrseøyve som er gitt ser vi få problem med å byggje innafor byggegrense veg.

Det må nemnes at parkeringsplassen vil kunne føre til at trafikken aukar gjennom byggjefeltet, da ein legg til rette for at andre enn dei som bur i området skal køyre ned gjennom feltet. Dette vil kunne gå utover trafikktryggleiken med aukande årsdøgntrafikk. Det er ikkje gjort berekningar på kor mykje trafikken eventuelt vil auke frå i dag, og det er dermed vanskeleg å seie om tiltaket vil gå utover dei mjuke trafikkantane i feltet. Totalt ser vi likevel tiltaket som ein forbetring for trafikksituasjon i feltet ved at det ikkje parkerast langs grøftene til alle kommunale veger. Det kan og i ettertid gjerast fleire tiltak langs kommunal veg dersom eventuelt auka trafikkmengda går utover tryggleiken til mjuka trafikantar.

Samandrag/konklusjon:

Parkeringsplassen vil vere eit positivt tiltak for å kontrollere kvar besøkande parkerer i dette feltet. For trafikktryggleiken ser vi det som noko positivt, sjølv om det aukar trafikkmengda. Når ein veit kvar trafikken skal kan man sette inn tiltak for at dei køyrer riktig veg, samt halde farten nede på den strekninga. Parkeringsplassen vil ikkje være til hinder for drift og vedlikehald. Totalt sett ser vi tiltaket som eit positivt tiltak.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-
forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Torkjell Holm Brenna
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune v/Plan og byggesak Postboks 4

5906

FREKHAUG